

Forskrift om skulefritidsordning, Ål kommune, Buskerud, gjeldande frå 01.04.2026

§ 1. Verkeområde

Ål kommune er eigar og ansvarleg for drifta av skulefritidsordninga (SFO) i Ål.

§ 2. Føremål

SFO er eit tilbod til barn på 1.–4. trinn, og for barn med særskilde behov på 1.–7. trinn. Barn med særskilde behov blir definert som elevar med varig funksjonsnedsetting, som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand, og som har tilrettelegging innanfor ordinær undervisning, og eventuelt spesialundervisning. SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barn sine behov for omsorg og tilsyn, samstundes som ein skapar moglegheiter for sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar. Barna har uttalerett i forhold som rører dei. Det skal leggjast stor vekt på trivsel, glede, tryggleik, omsorg, anerkjenning og tilhøyrse. [Opplæringslova kapittel 12](#) om elevane sitt skulemiljø gjeld også for SFO.

§ 3. Administrasjon

SFO er administrativt knytt til sektor for oppvekst, og politisk underlagt hovudutval for kultur og oppvekst. Rektor har det overordna administrative, personalmessige og pedagogiske ansvaret for SFO, og leier det daglege arbeidet i samarbeid med SFO-tilsett med funksjonsansvar. Leiinga av SFO skal vere i samsvar med lov og forskrift.

§ 4. Leike- og opphaldsareal

Innandørs har SFO sin base på skulen, og utandørs nyttar ein felles uteareal med skulen. Kommunen har ansvar for å sikre alle barn og unge ein god oppvekst med eit positivt skulefritidstilbod der det er variasjon i aktivitetar ute og inne.

§ 5. Opptak

Målsettinga er at alle barn som ønskjer eit tilbod i SFO, får tilbod om SFO-plass. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars. Søkjarar til hovudopptaket, som set seinare oppstartsdato enn 15. august, må likevel betale frå oppstart av SFO-året. Når ein får SFO-plass, gjeld den for eitt skuleår. Alle som søker innan fristen får plass.

§ 6.Opptakskriterium

Inntak i løpet av skuleåret kan skje etter nærare vurdering, og dersom det ikkje fører til behov for auka bemanning. Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, blir inntaket gjort etter følgjande vilkår:

1. Barn med særskilde behov kan takast inn før andre søkjarar, når det ligg ei fagleg vurdering til grunn for vurdering av situasjonen og tilråding om inntak.
2. Barn av einslege foreldre i arbeid eller under utdanning, og som åleine fører tilsyn med barnet/barna.
3. Barn som har begge foreldre/føresette i arbeid eller under utdanning.
4. 6-åringar kjem framfor eldre barn.

Dersom det er plass, kan skulefritidsordninga ta imot barn for kortare periodar der det er særlege grunnar til det (sjukdom i heimen o.l.). Hovudutval for kultur og oppvekst er klageinstans.

§ 7.Oppseiing

Dersom oppseiinga av den faste plassen eller delar av plassen for kommande SFO-år skjer etter 1. juni, blir august månad fakturert i samsvar med tildelinga av plass.

Oppseiinga skjer gjennom Visma Flyt Skole, eller sjå heimesida www.aal.kommune.no. Følgjande gjeld ved oppseiing av plass i løpet av SFO-året: Oppseiing av plass i SFO skal gjelde frå 1. i månaden. Oppseiingsfristen er 2 månader. Ved oppseiing etter 1.april skal det betalast for plassen fram til sommarferien. Oppvekstsjef kan også seie opp plassar med same frist dersom betalingsfristen blir overskriden med meir enn 2 månader.

§ 8.Opningstider

SFO følgjer skuleåret og er open alle dagar som inngår i skuleruta.

SFO har opningstid frå kl. 07.30 til kl. 16.30, utanom undervisningstid.

SFO er stengt i juli, jul- og påskeferie, (inntil 6) planleggingsdagar og andre fridagar i skuleåret jf. skuleruta. Desse dagane er normalt dei same som skulen sine.

I haustferien, vinterferien, i juni etter skuleslutt, og i august før skulestart, (utanom dei 4 planleggingsdagane før skulestart) er det høve til å kjøpe dagar.

Påmeldinga til SFO i feriane må skje seinast 14 dagar før tilbodet blir gitt, og påmeldinga er betalingsbindande.

Kommunen vil så langt råd er ha tilbud om SFO ved den einskilde skule, men er avhengig av tal påmeldte elevar. Det må vere seks elevar påmeldt ved hovudopptak og åtte elevar påmeldt ved ferie-SFO.

Føresette kan søkje om utvida opningstid for einskilddagar etter dokumentert behov pga. arbeidstid.

Ved for sein henting får ein ei munnleg og ei skriftleg åtvaring, før ein får gebyr.

Tilbodet om opphald gjennom året er: 3, 4 eller 5 dagar plass i veka. Dagane skal vere faste. Barn som har SFO-plass kan på førespurnad og etter avtale med SFO leiar kjøpe enkeltdagar.

1.-3. trinn har krav på inntil 12 timar gratis SFO i veka. Det blir gjeve 30 prosent reduksjon på den rimelegaste plassen frå barn nummer to. Syskenmoderasjon blir ikkje gjeve på ekstradagar, ferie SFO eller i kombinasjon med redusert foreldrebetaling.

§ 9. *Betaling*

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga for SFO ved budsjettarbeidet kvart år. Rekninga blir sendt ut forskotsvis kvar månad. Det blir sendt faktura fordelt på elleve månader. Dersom meir enn 2 månader av foreldrebetalinga utestår, blir varsel om oppseiing av plassen sendt frå økonomiavdelinga i kommunen. Brukarar som mistar plassen på grunn av manglande betaling kan tidlegast få tilbake plass ved neste ordinære opptak.

§ 10. *Bemanning*

Bemanninga blir planlagt etter følgjande norm: 12 barn per vaksen. Ein føreset ein viss fleksibilitet i forhold til talet på barn per vaksen.

§ 11. *Samarbeid med føresette*

Foreldrerådet er alle foreldra/føresette med barn i SFO. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og SFO. Foreldrerådet vel ein representant til samarbeidsutvalet (SU) ved skulen. Samarbeidsutvalet ved skulen er styret for SFO. Det skal haldast minst eitt foreldremøte i året, som er lagt til hausthalvåret. På haustmøtet vel foreldrerådet ein representant til SU. Administrativ leiar av SFO kallar inn til desse møta.

§ 12. *Måltid*

Skular som tilbyr matservering i SFO finansierar denne via betaling frå føresette. Foreldrebetalinga skal nyttast til innkjøp av råvarer til matservering, og dersom ikkje heile foreldrebetalinga vert nytta skal beløpet tilbakebetalast til føresette. Den enkelte skule fastsett årleg satsar for matserveringa og kan endre sats i løpet av året.

§ 13. Skifteklede

Foreldre skal til ei kvar tid sørge for at det er nok skifteklede, innesko samt namnemerka klede til barna.

§ 14. Skyss

Skulefritidsordninga er frivillig, og foreldre/føresette må sørge for å bringe og hente barna sine når ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast. Elevar med særskilde behov har rett til skyss til og frå SFO. Denne retten gjeld ikkje i skuleferiane.

§ 15. Retningslinjer

SFO vert drifta i samsvar med kommunale vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Ål kommune, etter nasjonale krav og føringar og Rammeplan for SFO. Dei overordna måla for skulen vil òg gjelde for skulefritidsordninga.

§ 16. Klage

Enkeltvedtak som er gjort i samsvar med forskrift kan påklagast etter reglane i [forvaltningslova](#). Klage skal sendast den kommunale eininga som har gjort vedtaket.

§ 17. Endringar i vedtektene

Endringar av desse vedtektene må vedtakast av kommunestyret.

§ 18. Iverksetting og opphøyr

Forskrift og vedtekter er vedtekne i Sektorutval for kultur og oppvekst 17. februar 2026, trer i kraft frå 01. april 2026 og gjeld fram til eventuell endring.

Referansar

[Opplæringslova](#).